

## Jag är Supermann

– Tjena!

Bjørn rykte til. Vatnet skvalpa i baljen. Han sende eit raskt blick i retning vegen. Pusten datt tilbake i kroppen.

– Herregud, som du skremte meg.

Eskil lo høgt.

– Lettskremte satan!

Bjørn sat på huk framfor huset, i berre shorts og Supermann-T-skjorte. Det var ein glovarm julimorgon, og han hadde stått opp tidleg for å lappe det fordømte hølet i framdekket på sykkelen. Han hadde punktert og tryna da han køyrde over brua kvelden i førevegen, på veg heim frå den frivillige fotballtreninga. Dette var også grunnen til at han hadde to store plaster – eitt i kvar handflate.

## Änglarna pratar om dig

«La meg få fortelje dykk om bror min. Han var ein svart engel dei 14 åra han levde.»

Pennen stansa. Karl blei sitjande og stire mot setninga. Kvart eit mogleg ord som venta, kjentest med eitt truande. Som om dei kunne avsløre dei inste løyndommane i han. Kven han var. Kva han var laga av. Alt det han hadde gjort. Det ulmande mørket han sjølv òg kjente på no og da.

Han sokk saman framfor pulten. Ville ikkje makte det. Skrive denne talen. Framføre desse orda. Han ville ikkje orke å stå der, midt ute på kyrkjegolvet – med hundrevis av menneske til stades.

Han kom til å bryte saman.

## 489 mil til Aleppo

– Do you like your new room?

Aya snudde seg. Kvinna med det korte, grå håret stod i dørøpninga. Ho kikka mot Aya med forventningsfulle auge. Det var ho som hadde møtt familien på busshaldeplassen, trekt dei og bagasjen inn i maxi-taxien, og køyrt familien hit, til trehuset som venta på dei i Sunndalsøra.

Staden som frå no av skulle vere heime. Aya kremta.

– I like it. Very much. Thank you.

Kvinna smilte kort. Så forsvann ho.

## Før gjekk eg alltid kledd i bomull

– Reker eller eggerøre?

Rita stod på morgonsamlinga med notatblokka og pennen klar, og med eit stort, krampaktig glis klistra opp i ansiktet. Ho skulle liksom vere raus sjef no og spandere bagettar til lunsj.

– Trur eg står over rekene, sa Tuva. – Greitt å ikkje bli matforgifta allereie første dagen på jobb.

Rita kikka forundra mot henne.

– Du, vi har faktisk litt peiling på hygiene her oppe, også. Det er ikkje berre i Oslo de har hanskar på når de lagar mat.

– Nei da. Det er ikkje det.

– Kva er det, da?

Herregud, skulle ho begynne å mase òg no.

– Greitt. Eg tar reker.

## Fuglen i røyret

Anders vakna av ein krafsselyd.

Først skjønte han ingenting. Han hadde drøymt så levande om Marianne. Igjen. Ho hadde komme bort til senga hans, og berre kledd av seg – som om det var den mest naturlege ting i verda. Ho hadde krope inn under dyna til han, tatt handa hans, og ført henne mot brystet som låg nærmast. Han hadde berre lege der og kjent på dette vedunderlege, mjuke. Men så hadde krafsselyden blanda seg inn i drøymebileta.

Til slutt blei Marianne viska heilt ut.

No låg Anders og glipte med auga i senga. Det var varmt. Sol. Ei søyle av lys smatt inn mellom glipa i gardinene, og strekte seg ut over parketten på golvet, nesten heilt fram til senga.

- Les utdraga og skriv refleksjonsnotat: Kva for tittel liker du best? Kvifor? Kva for start liker du best? Kvifor?
- Gå saman i 4-gruppe. Del tankane dine med dei andre. Diskuter dykk fram til gruppa sin favorittittel og favorittstart. Bli einige om grunngeving.
- Del svara frå gruppa med dei andre i klassen.